

09.05.2010

Stor interesse for Hagetunet

Johannes Hjønnevåg i Uskedalen Eigedom seier til uskedalen.no at han er overveldt over førehandsinteressa for Hagetun-prosjektet som no tek form.

Men det er framleis ledige leilegheiter.

Når det gjeld dei tre tomannsbustadane, er det lagt vekt på at dei skal falla fint inn i terrenget og ikkje verta for dominerende. Dei får låg mønehøgd og valma tak. Takvinkelen blir 22 grader og mønehøgda frå golv 4,82 meter.

Dei 6 leilegheitene får alle eit bruksareal på 91 kvadratmeter, men berre eitt av husa har garasjar. Dette huset, det som blir liggjande lengst nede i terrenget, får også utebodar.

Alle leilegheitene vert bygde i henhold til Husbankens livsløpstid og vil eigna seg spesielt som eldrebustader, understrekar Hjønnevåg.

Interesserte kan gjerne ta kontakt med han på nummer 90 55 39 80 for meir informasjon.

Tomtearbeitet går no mot slutten, men det står att ein del muring, opplyser Hjønnevåg. Arbeidet med den delen av prosjektet som blir bygd oppå den gamle veksthusmuren er kome langt og det same er restaureringa av den gamle delen. Leilegheitene vil bli innflytta i etappar framover gjennom året.

Teikningane øverst viser korleis fasadane blir sjåande ut. Under er planteikningane.

Av Ola Matti Mathisen